

Klima og miljødepartementet

Kulturminneavdelingen

Att: Terje Birkrem Hovland

Oslo

2019

Utne den 1. februar

INNSPEL TIL NY STORTINGSMELDING OM KULTURMINNE FRÅ HARDANGER OG VOSS MUSEUM

Hardanger og Voss museum viser til brev av den 21. november frå Klima- og miljøverndepartementet og takkar for invitasjon til å koma med skriftlege innspel til ei ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken. Vi takkar og for høvet til å delta på innspelsmøte der vi var til stades i Førde og i Oslo. Invitasjonen til deltaking om ny kulturminnemelding er open og vidtfemnande:

- Korleis kulturminnepolitikken skal vera om 10 -15 år; kva muligheiter og utfordringar finst?
- Korleis bør kulturminneforvaltninga møte desse utfordringane?

Og desse hovudpunkta:

- Kulturminne i alle valørar verkar inn både på miljø, kulturliv, sosialt og økonomisk.
- Det skal vera eit nasjonalt, men og eit internasjonalt fokus.
- Kulturminnepolitikken skal vera ein integrert del av samfunnslivet, ein skal søkje størst mogleg forankring gjennom demokratisk deltaking knytt til kulturarven.
- Effektiv bruk av ressursar og gjenbruk vil være styrande prinsipp i utforminga av framtida sin kulturminnepolitikk
- Regjeringa signaliserer og at kulturminnepolitikken må vera realitetsorientert og tilpassa forvaltningsstrukturen framover.

Vi kjem med våre innspel nedanfor.

Hardanger og Voss museum og kulturarv

Hardanger og Voss museum (HVM) er eit konsolidert museum (2006) med driftsansvar for Agatunet, Granvin bygdemuseum, Hardanger fartøyvernssenter, Hardanger folkemuseum, Ingebrigt Vik museum, Kvam bygdemuseum, Kunsthuset Kabuso

(Hordaland fylke sin 1000 –års stad) og Voss folkemuseum. Museet har vel 60 tilsette der Hardanger fartøyvernssenter er den største avdelinga. Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid. Med rolla som samfunnsminne og samfunnsutviklar skal museet vera ein open møtestad der alle er velkomne til å studera, oppleva og finna kunnskap. Museet sin visjon er: «Gode opplevingar å bryna seg på».

Museet yter fagleg hjelp i museums- og kulturminnespørsmål til kommunar og frivillige i regionen og nasjonalt. Hardanger og Voss museum driftar eit nasjonalt senter for fartøyvern. Museet har 4 verneverdige fartøy og mellom desse den freda ferja «Folgefonn». Museet har 133 freda og verneverdige bygg der Lagmannsstova i Agatunet (datert 1220) er eit nasjonalt kulturminne og vårt eldste profane bygg med bevart rettslokale frå mellomalderen lokalisert i eit freda klyngetun i Hardanger. Mølstertunet, Nesheimtunet og Oppheim gamle prestegard ved Voss folkemuseum er autentiske tun med historie langt attende i tid. Museet driv og produksjon ved den freda oppgangssaga i Herand i Hardanger. Hardanger folkemuseum ligg i ein region kjend for fruktdyrking og siderproduksjon og med 2 kulturlandskap med nasjonal status. Museet ynskjer å arbeida saman med andre institusjonar om å ta vare på kulturlandskap og fruktdyrkingshistorie ved å bevare gamle artar og kunnskap om historia og samtid.

HVM har eigen bygningsvernkonsulent frå år 2000 i samarbeid med fylkeskommune og har såleis vore som eit bygningsvernssenter gjennom museet. Ho har saman med kollegaer gitt råd og hjelp til private og kommunar vedkomande restaurering av freda og verneverdige bygg, delteke i arbeidet med utvikling av kulturminneplanar og drive restaureringsarbeid og undervisning/kurs i regionen med utgangspunkt i bygg musea forvaltar og elles. I Agatunet har ein arbeidd med å nå Riksantikvaren sitt mål om at alle freda anlegg skal vera på eit tilfredstillande vedlikehaldsnivå i 2020 i eit samarbeid med Riksantikvar, fylkeskonservator, NIKU, Nidaros Domkirkes restaureringsarbeider og enkeltpersonar med spisskompetanse innan restaurering. Trebygg og taktekking er HVM sin særkompetanse innan bygningsvern. Innan fartøyvern er båtar bygd i tre med tilhøyrande handverk for restaurering som vår spisskompetanse.

HVM har tatt ansvar for og prioriterer immaterielt kulturminnevern høgt. HVM har såleis eit fellestiltak med Ole Bull Akademiet på Voss om hardingfela (historie, spel, dans, vokal og bygging) og livslang læring frå 4-åringar til Masterclass. Innan folkedrakt held museet kurs og dokumenterer og har spisskompetanse på drakt og hardangersaum i

samarbeid med lag og organisasjonar og Noregs husflidslag. På fartøyvernssenteret har vi lærlingeordning innan reipslagarfaget, smedfaget, trebåtbyggarfaget og driv store restaureringsprosjekt nasjonalt i samarbeid med fartøyeigarar, Riksantikvaren og andre. Rigging er eit av fartøyvernssenteret sine spesialfelt.

HVM prioriterer å formidla handlingsboren kunnskap og små og verneverdige handverk og har hatt ei offensiv digital satsing. Ein museumsApp er utvikla og tatt i bruk ved Hardanger fartøyvernssenter. HVM har laga eit konsept målretta for publisering på Instagram og Facebook. Dei 24 handverksfilmene vi har publisert er sett av 19 millionar unike brukarar på sosiale media og har ei rekkjevidde på 37,5 millionar. Responsen avdekkar ei enorm interesse for handverka og kulturminna som HVM forvaltar.

Hardanger fartøyvernssenter er no av dei kulturinstitusjonane i Norge som har flest følgjarar. I 2018 vaks vi frå 70 000 følgjarar til 156 000 følgjarar og har passert 10 000 følgjarar på Instagram. Satsinga på sosiale medier gjer både handverka, museet og tenestene våre meir synlege, samtidig er dette ein veldig effektiv måte å driva formidling på. Digitale gjester betalar rett nok ikkje inngangspengar, men ved delingar, kommentarar og likes er dei med å spreie kunnskap og engasjement rundt dei tradisjonelle handverksfaga og kulturminna.

HVM – generelt om føringar for ny kulturminnemelding

Klima- og miljødepartementet legg opp til at ei ny stortingsmelding skal setja fokus på korleis kulturminne, kulturmiljø og landskap er viktige ressursar for lokalsamfunna og korleis kulturarven kan bidra til ei styrka samfunnsutviklinga framover. HVM sær oppteken av at ein lukkast med og legg til rette for kulturarven som ressurs og at den skal engasjera, begeistra og vera tilgjengeleg for alle. Og at kulturarven skal skapa bulyst, identitet, arbeidsplasser og verdiskaping i heile landet.

Kulturminne av ulik alder og type verkar positivt inn både på miljø og kulturliv, sosialt og økonomisk. I ein framtidsretta politikk på kulturminnefeltet vert det etter vårt syn sentralt å leggja til rette for at alle kan engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap. Kulturminna kan tilgjengeleggjerast digitalt og i sosiale media og slik skapa interesse og bli oppdaga langt utover kommunegrensene. Dei kan ikkje «flaggast ut» frå der dei er (unnataket er båtar og andre bevegelege kulturminne) og gir såleis stader særpreg og opplevingar, og nytast best på staden, til beste for fastbuande og som

reisemål for tilreisande. Kunnskapsbasert reiseliv og kulturarv går godt saman. Vi viser til Norsk kulturarv sine innspel og til rapportar om stor verdiskaping pga kulturarv i bruk. Kulturarv i bruk gjer kulturarven levande og det gjeld å finna den beste bruken som ikkje går utover kulturminnet si tolegrense.

Endring i klima, urbanisering, demografiske endringar, aukande grad av ein digital kvardag, gjev ulike utfordringar for kulturminna. I ei verd med store demografiske endringar, vil kulturarven kunne styrke dialog, kjensla av å høyra til og identitet. Samstundes vil ein godt forvalta kulturarv gje grunnlag for kunnskap og opplevingar. I ein samanheng der klimaendringar er av vår tids største utfordringar, må effektiv bruk av ressursar og gjenbruk være styrande prinsipp i utforminga av framtida sin miljø- og kulturminnepolitikk. Samfunnsøkonomiske realiteter (kulturarv svarer seg) og nye forvaltningsstruktur (ser kulturarvinstitusjonar og museum som samfunnsutviklarar) vil vera den kulturminnepolitikken vi ynskjer oss i dei neste tiåra.

Å satsa på kulturminne og kulturarv som del av samfunnsstyringa, vil syna seg i ei styrka deltaking og demokratisk forankring og god forvaltning av kulturarven som ressurs. Ved å gjennomføra ein klar og tydeleg politikk på feltet styrkar ein òg samhandlinga mellom tema i samfunnspolitikken. Det er naturleg å vera open for impulsar, men òg vera stolt av vårt eige og søkja å leggja til rette for internasjonale bidrag. Fokus på effektiv bruk av ressursar er viktig og her ser vi for oss at kommunane blir styrka i kulturminnearbeidet med statlege ressursar. På 1990-talet vart det gjennomført ei ordning med miljøvernkonsulentar i kommunane. Det kan vera på tide å leggja til rette for kulturvernkonsulentar ute i regionane. No har dei fleste kommunar landet rundt laga kulturminneplanar med delfinansiering frå Riksantikvaren og fylkeskommunen. Dette har mobilisert stort engasjement for kulturarven. Skal vi lukkast med kulturarven som ei aktiv kraft i samfunnsutviklinga, må oppleving og deltaking stå sentral når dei nye måla vert forma. Og ikkje minst styrking av fagmiljø landet rundt som har ei profesjonell tilnærming til å halda kulturarven i hevd på ein fagleg forsvarleg og berekraftig måte.

Det er og fint å få til ei samordning om forvaltning av kulturarven med Kulturdepartementet og andre departement (sektoransvaret). Stortingsmeldinga om Kultur (St.meld. 8, 2018-19, om kulturens kraft) slår fast og gir ei god føring for retning på kulturminnepolitikken i åra som kjem:

«Ikkje minst medverkar kulturarven, både i form av materielle strukturar og immaterielle tradisjonar, verdiar og praksisar, til å skape identitet, innsikt, engasjement og ei kjensle av å høyre til. Kulturarven representerer både felles historie og store økonomiske og kulturelle verdiar. Ved å gi innsikt i historia kan kulturarven hjelpe oss til å sjå vår eiga tid og forstå oss sjølve betre». Dette er godt sagt og sitatet viser kvifor det er så viktig og nødvendig å ta vare på kulturminna våre, slik det og kjem fram i «Leve med kulturminner» og «Fremtid for fortiden». HVM vonar at Riksantikvaren og Klima- og miljøverndepartementet vil auka fokus på den immaterielle kulturarven.

Ved overføring av mynde til dei nye regionane er det viktig at ein byggjer vidare på stortingsmeldingar, utgreiingar og planar. Det er og viktig ved overføring av oppgåver frå staten og Riksantikvaren til dei nye regionane at ein opprettheld nasjonale verneplanar og at dei nye regionane får tildelt nok ressursar til å utvikla kulturminnefeltet.

Hardanger og Voss museum er lokalisert i Hordaland fylke og frå 2020 i Vestland. Vi vil derfor også visa til Hordaland fylkeskommune sin kulturminnepolitikk er nedfelt i *Premiss: kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Og til rapport *«Museumsløftet – kulturhistoriske bygninger og bygningsvern ved museene i Hordaland» (2018)*.

Ved overføring av mynde til dei nye regionane er det viktig at ein byggjer vidare på stortingsmeldingar, utgreiingar og planar. Det er og viktig ved overføring av oppgåver frå staten og Riksantikvaren til dei nye regionane at ein opprettheld nasjonale verneplanar og at dei nye regionane får tildelt nok ressursar til å utvikla kulturminnefeltet til å få virka som den ressursen og samfunnsutviklaren som kulturminnemiljøa kan vera.

Det må sørgjast for at det blir sett av nok ressursar til at dei materielle kulturminna blir bevart på best mulig måte, og ein må sørgja for at arbeidsplassane innafor kulturminnefaga er trygge og kan gje ei tilfredsstillande inntekt.

Med andre ord; om vi ser kulturarven som ressurs, så må det tildelast større midlar til denne sektoren – eit skikkeleg økonomisk løft. Korleis kan ein elles bli ein samfunnsutviklar på linje med andre sektorar? Då må det fleire i arbeid for kulturarven som kan samspela med friviljuge krefter i lag og organisasjonar. Fleire av dei

konsoliderte musea kan ha ein rolle her og må bli styrka for å kunna gje eit løft for kulturarven som ressurs, som samfunnsminne, næring og i opplæring.

Det er og viktig å leggja til grunn utgreiinga om tradisjonshandverk ved utvalet som Kirsti Kolle Grøndahl leia.

Nedanfor vil vi utdjupa 6 konkrete innspel som vi erfarer er viktige i eit framtidig kulturminnevern som grunnlag for læring, bevaring og samfunnsutvikling.

1. NOK RESSURSAR TIL Å TA VARE PÅ BYGNINGSARVEN

SSB sin museumsstatistikk for 2017 viser at norske museum forvaltar 4996 kulturhistoriske bygg og mellom desse er svært mange kulturhistoriske bygg, freda og verneverdige. Dei om lag 70 konsoliderte musea forvaltar offentlege tilskot og viktig fagkompetanse. Nokre norske museum forvaltar fleire hundre kulturminne på vegne av ulike eigarar, som igjen har ulike interesser, kompetanse og økonomiske ressursar knytt til kulturminna. Eigarstrukturar er blitt ei vesentleg utfordring for heilskapstenking og god forvaltning i det norske kulturminnevernet. Ei ny kulturminnemelding må sjå på føringar for ei forenkling av desse eigarstrukturane. Her kan staten vurdere ulike insentivordningar og andre former for tilskot og tilby dei konsoliderte musea juridisk kompetanse i ei forenkling av eigarstruktur og samarbeidsavtalar i eit samarbeid mellom Klima- og miljødepartementet og Kulturdepartementet.

Hardanger og Voss museum forvaltar ei betydeleg mengde bygg i tre, med Lagmannsstova i Agatunet som vårt eldste profane bygg (rettssal datert til 1220), og fleire autentiske og freda tun som Mølstertunet og Nesheimtunet og Oppheim gamle prestegard på Voss. Desse klyngetuna fortel om byggeskikk og «landsbyane» på Vestlandet før utskifting og like tilbake til mellomalderen. I Agatunet har museet gjennom samarbeid med Riksantikvaren, Nidaros Domkirke restaureringsarbeider, Fylkeskonservatoren og andre med spisskompetanse på restaurering drive restaureringsarbeid i ei årrekkje med mål om sikring og restaurering og å koma opp på eit akseptabelt vedlikehaldsnivå i 2020. Restaureringa har ført til fleire kurs og metoden prosessuell restaurering er nytta der handverkar både frå det private næringsliv og frå museum, studentar og elevar og folk flest kan følgja restaureringa. Dette er og dokumentert på film.

Fagkompetanse på trerestaurering og bygningsvern har ført oss inn i eit nytt og spanande samarbeid om «læringsarena – bygningsvern» saman med Hordaland fylkeskommune og Fagskolen i Hordaland som hausten 2019 opnar eit nytt studium i klassisk restaurering. Her har Hardanger og Voss museum gått inn i eit samarbeid om å vera læringsarena som blir samlokalisert og kan dra nytte av eksisterande infrastruktur (kurslokale, kantine, overnatting), verkstader og fagpersonale ved avdeling Hardanger fartøyvernssenter (avdeling i HVM) og ved Hardanger folkemuseum med bygningsvernkonsulent og handverkarar i heile HVM. Ynskjet og visjonen vår er å knytta læringsarena ved HVM vidare til eit samarbeid med NTNU i bachelorstudiet og eit masterstudium. Vi arbeider for å vera eit restaureringssenter i nye Vestland i nettverk med andre i regionen og nasjonalt.

Hardanger og Voss museum har frå 2000 hatt stilling for bygningsvernkonsulent i spleiselag med Hordaland fylkeskommune. Stillinga er særst viktig for kvalitet og kontinuitet i å ivareta verneverdige bygg ved musea og for rådgjeving til andre i vår region, både kommunar og private. Museet har såleis i lang tid verka som eit bygningsvernssenter, også i samarbeid med næringsdrivande som har spesialisert seg på taktekking med heller. Det er skiferbrot i både Hardanger og på Voss som kan handverket og produserer heller som er eit særpreg i Vestland.

Samarbeidet med Fagskolen i Hordaland og fylkeskommunen om «læringsarena bygningsvern» er ein unik sjanse til å byggja opp noko spanande og viktig for undervisning innan tradisjonshandverk. Målet er saman å bidra med læringsarena og rekruttering, og til at handverkarar, gjerne også innan fartøyvern, kan gå eit utdanningsløp heilt til NTNU og oppnå forskingskompetanse for virke og rådgjeving innan desse faga. Skal ein lukkast med dette er ein heilt avhenging av å få tilført både investeringsmidlar og driftsmidlar. Vi kan visa til beste praksis i utlandet som td Engine Shed i Skottland der finansieringa og er med Lottomidlar. Kan henda er dette mogeleg også i Noreg for å finansiera læringsarenaer knytt til museum og bygningsvernssenter?

Som museum og fartøyvernssenter driv vi også formidling og aktivitetar for barn/unge og besøkjande og praktiserer «læra gjennom å gjera» og nyttar oss av midlar frå den kulturelle skulesekken. Vår eiga hardangerjakt, seglskuta «Mathilde» (1884), er leirskule

og går også tokt med andre grupper. Slik opprettheld vi eit kulturminne i drift ved å læra folk historie og sigling gjennom deltaking og aktivitetar. Det er vanskeleg å driva «Mathilde» og ein treng i framtida faste tilskotsmidlar til vedlikehald og drift for å tilby vern gjennom bruk og levande, flytande museum. Nokre seglskuter er på Kulturdepartementet si tilskotsliste – «Mathilde» og andre verneverdige fartøy som blir drive i undervisning, burde blitt tilgodesett med årlege driftsmidlar i kombinasjon med eigeninntening. Slike driftsmidlar har vi ikkje i dag.

HVM søker og har kontaktar internasjonalt både innan fartøyvern og bygningsvern og arrangerer studieturar for tilsette og deltar i fagnettverk nasjonalt og internasjonalt. HVM nyttar seg at EU-midlar og har volontørar knytt til Hardanger fartøyvernssenter.

2. NOK RESSURSAR TIL Å TA VARE PÅ VERNEVERDIGE FARTØY OG KYSTKULTUR

Her viser vi til Fartøyvernssentrenes Fellesråd (FF) sin uttale der Hardanger fartøyvernssenter er eit av dei nasjonale fartøyvernssentra. I tillegg vil HVM spela inn at fartøyvernssentra i dag manglar høve til å søkja om større investeringar hjå Riksantikvaren. Den muligheiten bør vurderast korleis ein skal løysa i den nye kulturminnemeldinga. Etter mange års drift er det nødvendig med modernisering av verftet med verkstader og infrastruktur. Hardanger fartøyvernssenter har utvikla ein generalplan for verftet og det maritime museet der, men det viser seg vanskeleg å oppnå statlege midlar både hjå Klima- og miljødepartementet og Kulturdepartementet. Her burde ein fått til ei ordning ved å sjå interdepartementalt på ei løysing iom at fartøyvern er eit nasjonalt satsingsområdet ved denne regjeringa og generelt.

3. KOMPETANSE OG KULTURMINNEVERN

Kunnskap i gamle og tradisjonelle handverksfag overførast frå person til person, såkalla handlingsboren kunnskap. I restaurering er det eit vesentleg at ein kjenner teknikkar og metodar som er brukt for å føra opp bygga. I restaurering gjer ein og inngrep i eksisterande bygningar. Då må ein gå fram på ein litt annan måte ved å nytta tilhøyrande byggeskikk enn måten ein nyttar ved nybygg. Slik får vi utvikla og halde ved like tradisjonar og handverk

HVM ynskjer å framheva arbeidet med å bevara kompetansen for å ta vare på mellomalderbygg i tre, verneverdige fartøy og bygningsmiljø/tun og andre kategoriar bygg som vi har kompetanse på som vestlandske røykstover, loft og løer og naust for å nemna noko.

Museet driv opplæring av handverkarar som skal kunna taktekking (nevertak/torvtak) og helletak i samarbeid med verksemder som driv skiferbrot i nærleiken, smeden vår har spisskompetanse innan bruk av jern og stål i gamle bygg og fartøy, snikkarar som kan klassisk restaurering og har samarbeid med glasmeister og målarmeister i regionen som kan antikvarisk istandsetting. Dei kan og nyttast som lærarar ved læringsarenaen i eit godt samspel. Denne spesialkompetansen kjem samfunnet til gode når vår store verneverdige fysiske kulturarv skal forvaltast og investeringar ivaretakast. Det opprettheld kunnskap i næringslivet som vi samarbeider med. Våre byar og bygder ville opplevast og vera heilt anleis om dei verneverdige miljøa ikkje vert forvalta på ein fagleg god måte, for eksempel om skifertaka i Hardanger og Voss blir bytta ut med kunstig material. HVM ynskjer at den nye kulturminnemeldinga prioriterer ordningar som gjer at kompetanse blir halden vedlike og at folk difor har kompetent hjelp når stønad frå Kulturminnefondet og andre skal nyttast på bygg. Stader som viser at her har ein levd og virka lenge vert attraktive for busetnad og for reiseliv.

Vi er no inne i ei tid der endringar skjer med omsyn til miljø. HVM har kunnskap om reipslaging og mange fleire er no interessert i å byta plasttau med tau/reip i naturmateriale. Det er viktig å oppretthalda og leggja til rette for reipslaging i Noreg og å ta i bruk anlegg andre stader i landet som har lege brakk i samarbeid med HVM. Det er behov for å utvida etter- og vidareutdanning for hanverkar til å omfatta fleire fag enn snikkar og tømrrar. Alle fag innan fartøyvern, teknisk industrielt kulturminnevern og andre byggfag som murar, blikkenslagar og målar.

Vi sluttar oss til høyringsuttalen til Nidaros Domkirke Restaureringsarbeider. NDR er ein god rådgevar og støttespelar for oss og andre som driv restaurering og kulturminnevern.

4. FORSKING

Vi har klimautfordringar og det er og ei utfordring i høve til kulturminna. HVM og andre er avhenginge av at det blir utført forskning som kjem musea og forvaltarar til del.

Forskings- og forvalningsmiljø som NTNU, NGU, RIKSANTIKVAREN, NIKU, NIBIO og enkelte museum, universitet og høgskular med spesialkompetanse innan kulturminnevern, må bli styrka som eit eige mål i den nye kulturminnemeldinga.

Desse forskings- og forvaltningsmiljøa må setjast i stand til auka forskning og utvikling på materialbruk for å kunna møte klimaendringar og andre viktige miljøutfordringar. Det må også greiast ut om korleis vi kan sikra at vi har materiale (f.eks kleber, skifer og trevirke, bjørkenever etc) til restaureringsformål.

Det må leggjast betre til rette for forskning og samarbeid mellom universitet og musea når det gjeld den immaterielle delen av kulturarven som td. bygging og bruk av instrument (hardingfela) og musikkutøving og innan tekstilfag og munnlege tradisjonar/språk og maritime fag.

5. NOK RESSURSAR TIL BEVARING OG FORMIDLING AV IMMATERIELL KULTURARV

Den immaterielle kulturarven og kunnskap om tradisjonar har sin eigen UNESCO-konvensjon. Denne har Norge signert I 2007. Enkelt sagt er immateriell kulturarv alt vi gjer, kan og uttrykkjer. Den immaterielle kulturarven er uløyseleg knytt til materiell kulturarv. Det å kunna leggja til ein kai med ein fjordabåt er ein kunnskap og uløyseleg knytt til den materielle fjordabåten. For å spela hardingfele, må instrumentet, det handgripelege, finnast. For at fela skal gje meining, må spelemannen, musikken, kunnskapen finnast. Immateriell kultur er det vi gjer, det er lek, dans, skauting, dugnad og å snakka ein dialekt. Lista er lang.

Musea kan med sine samlingar og med sin fagkompetanse på handlingsboren kunnskap bidra til eit fokus på innsamling, dokumentasjon og formidling av denne delen av kulturarven. Gjennom prosessuell restaurering, tradisjonsoverføring og aktivitetar for barn og unge og folk i alle aldrar kan vi motivera til at immateriell kulturarv sterkare kjem inn i vår kvardag som ein del av oss og vår identitet. Ressursar til formidling bør og vera

til digitalisering og presentasjonar på nett. Slik når vi ut til mange om verdien og det kjekke og viktige med historie og kulturarven rundt oss.

Hardanger og Voss museum har lenge teke eit ansvar, satsa tungt og prioriterer høgt dokumentasjon og ivaretaking av immateriell kulturarv. HVM ved Hardanger fartøyvernssenter er ei godkjend lærebedrift innan fleire små og verneverdige fag. HVM driv kursverksemd innan alt frå tekstilfag, til folkemusikk, fartøyvern og gaffelrigg, verktøyseminar, bygningsvern og munnleg forteljekunst. HVM arbeider systematisk og målretta med dette saman med friviljuge, lag og organisasjonar og ulike kompetansemiljø. HVM inviterer folk tett på handverk for å sjå og læra om bygningsvern, fartøyvern og folkekunst.

HVM vil på det sterkaste oppmoda om at immateriell kulturarv får stort fokus i den nye kulturminnemeldinga. Her trengst meir ressursar og musea vil vera sentrale i å ivareta og formidla ei breidde av ulike tradisjonar som igjen vil gjera musea levande og fulle av aktivitetar. Det er no ein trend i tida at folk ynskjer å læra seg meir om tradisjonar og handverk. Det er noko styresmakter bør leggja meir til rette for og til samhandling mellom kunnskapsinstitusjonar og frivillige. Her er det og gode høve til kulturmøte og utveksling av kunnskapar mellom ulike nasjonalitetar og grupper.

6. KULTURARV OG VERDISKAPING

Stiftinga Norsk kulturarv har levert høyringssvar. Vi viser til deira svar og støttar dette fullt ut. Norsk kulturarv sin visjon er «vern gjennom bruk». Det gjer kulturarven levande, aktuell og som eit grunnlag til å skapa arbeid og bulyst over heile landet innan landbruk, fiske og kunnskapsbasert og berekraftig reiseliv. Dette har vi godt grunnlag for mellom anna i Hardanger og Voss som er gamle reiselivsregionar og kjende nasjonalt og internasjonalt.

Vi oppmodar om at kulturminnemeldinga framhevar tidlegare resultat og satsingar på verdiskaping ved Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram. Denne ordninga skapte vekst og optimisme og motivasjon for å arbeida med kulturminne og verdiskaping, stadutvikling og rundreiseruter landet rundt som også blir kobla til internasjonale satsingar og EU-program. Denne ordninga bør styrkjast gjennom nye midlar til Riksantikvaren og ei nasjonal satsing i heile landet.

Hardanger og Voss museum ynskjer Klima- og miljødepartementet lykke til i arbeidet med ei ny kulturminnemelding.

Randi Bårtvedt

Hardanger og Voss museum, direktør